



Felles løft for å få klatrestativet på plass. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein entusiastisk dugnadsgjeng gjorde tok eit stort felles løft for betre leik i Uskedalen Oppvekstsenter laurdag. 12-13 møtte fram til dugnad i sju timar for montering og oppsetjing av apparata i aktivitetssløypa. Etter at apparata no har kome på plass vågar vi å slå fast at ein må reisa langt for å finna eit finare og meir spanande utomhus leikeanlegg.

Ei som gledde seg ekstra over dugnaden var Bente Bendixen, som hadde ansvaret for å laga betasuppe til dugnadsgjengen. Ho var lærar ved skulen i Uskedalen før ho vart pensjonist. Utomhusanlegget slik det står fram i dag er hennar ide og ho har æra for grovplanlegginga. Men ho seier det slik til uskedalen.no:

- Dette er ein balansegang. Når ein skal planleggja eit leikeområde er det viktig å ikkje leggja for mykje til rette. Ein må lata ungane sleppe til og utforma leiketilbodet sitt på deira eigne premisser. Dei vil ofte leika på ein annan måte enn det vi tenkjer oss og finna eit anna innhald i leiken sin enn det vi planlegg. Eg kan berre minna om kor utruleg populære kampesteinane her ute vart.

Det var tre leikeapparater som skulle monterast og plasserast laurdag. Ein balansebom var enkel å få på plass, vanskelegare var det med stolpane til den 20 meter lange taubana og eit stort og innhaldsrikt klatrestativ. Her kom den tunge bygningstekniske ekspertise som var til stades godt med! Men gjengen var så effektiv at også faststøypinga av apparata kunne skje laurdag.

- Vi skulle gjerne også kjøpt inn ei hengebru,. Men den vart det ikkje råd til i denne omgangen, sa rektor Vidar Haugland.

Det var elevrådet med Elisabeth Amundsen som rådgjevar som hadde vald ut apparata. Det er også kjøpt inn ei sklie, men den fekk dei ikkje tid til å montera laurdag. Også monteringa av tunellar må skje seinare.

Kostnaden er berekna til 140.000 og pengane kjem både frå kulturkontoret, skulen sit eige budsjett og innsamla midler. Også elevane sjølv har gjort ein god innsats. Og fleire av dei, altså dei framtidige brukarane, fylgde spente med i det som skjedde laurdag.

Av Ola Matti Mathisen



- og felles løft for å få taubana på plass! (Foto: Ola Matti Mathisen)

